



Arc Arkitekter As
Vestre Kanalkai 20
7010 TRONDHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1555 - 23/19169

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
09.03.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Tiltak: Dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 188/385
Tiltakshavar: Alverporten As
Ansvarleg søkjar: Arc Arkitekter As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon for etablering av mellombels parkeringsplass på gbnr 188/385 journalført mottatt 20.02.2023.

Vi legg til grunn at tiltaket skal etablerast for meir enn 2 år.

Vi treng meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Tiltaket krev dispensasjon frå fleire forhold.

Det er søkt om dispensasjon frå områdeplanen si føresegn 3.2.6 d) som gjeld føresegnsområde # 12, dvs. at området er avsett til anleggs- og riggområde. Etter gjennomgang av søknaden ser vi at tiltaket krev dispensasjon frå fleire forhold og planar.


Tiltaket ligg delvis innanfor områdeplanen for Knarvik sentrum med planid. 1263-201002, og delvis innanfor områdeplanen Tunnel på fv. 57, Knarvik – Isdalstø med planid. 1263-201201.

Innanfor områdeplanen for Knarvik Sentrum er tiltaket også i strid med arealføremålet sentrumsføremål BS7, plankravet i føresegn 1.6.1 og føresegn 3.1.9 der det er krav om at all parkering skal skje under bakken. Ny dispensasjon frå plankravet vil vera nødvendig då tiltaket har eit større omfang enn det som er godkjend i gitt dispensasjon frå plankravet, jf. vedtak fatta i møte i Utval for areal, plan og miljø 09.12.2000.

Innanfor tunnel-planen for fv. 57 er tiltaket plassert i strid med arealføremålet anna veggrunn grøntareal, o_VG, gang- og sykkelveg, o_GS, , og veg o_KV.

Tiltaket må elles vurderast opp mot byggegrenser.

Utsnitt av plankart der omsøkt tiltak er vist



Ny og oppdatert søknad om dispensasjon må sendast inn. Søknaden må grunngis ytterlegare. Det må gjerast greie for kva føremål parkeringsplassen skal nyttast til, og tidsaspektet for omsøkt bruk.

Andre forhold

Det må dokumenterast at aktuelle grunneigarar er varsla eller har gitt samtykke. Vi kan ikkje sjå at dette er dokumentert for gbnr 188/385.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.04.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alverporten As

Radøyvegen 239

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arc Arkitekter As

Vestre Kanalkai 20

7010

TRONDHEIM